

# Krav til påslepp av feitthaldig avløpsvatn, gitt i vedtak datert 12.09.2018 til Ekspress Grill & Pizza Mohamadmahdi Naoura

## 1. Føremål

Føremålet med å stille krav til verksemder som har påslepp av feitthaldig avløpsvatn til kommunalt avløpsnett er å sikre at feittet blir fjerna ved kjelda, slik at det ikkje blir eit problem i kommunen sine avløpsleidningar, pumpestasjonar og reinseanlegg, samt sjå til at feittutskiljar blir forsvarleg drifta.

## 2. Definisjonar

- Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt avløpsvatn
- Feitthaldig avløpsvatn: Avløpsvatn som inneheld vegetabilsk og/eller animalsk feitt
- Feittutskiljar: Innretning som skil ut feitt frå avløpsvatn
- Slamfang: Eining som er plassert før feittutskiljar, der tyngre partiklar søkkjer til botn og vert fjerna
- Frityrfeitt: Feitt som blir nytta til fritering av mat
- Overvatn: Vatn frå nedbør, leda bort anten via flater, grøfter eller leidningar
- Påslepp: Tilførsel av avløpsvatn til offentleg avløpsnett
- Sedimenterbart materiale: Partiklar som blir transportert av vatn og søkkjer ned på botnen ved låg fart på vatnet

## 3. Krav til avløpsvatnet

Ved påslepp av feitthaldig avløpsvatn til det kommunale avløpsnettet skal følgjande krav bli overhalde:

Parameter	Krav	Kommentar
Temperatur	Maks. 30 °C	Gjeld i utløpet frå feittutskiljar
pH	6-10	Gjeld i tilknytingspunktet til kommunal spillvassleidning

Frityrfeitt og større konsentrerte feittmengder er ikkje tillat ført til feittutskiljar.

## 4. Tekniske krav til feittutskiljar

Feittutskiljar skal vere dimensjonert, utført og installert i samsvar med krava i Norsk Standard, NS-EN 1825-1 og -2.

Det skal vere mogelegheit for prøvetaking anten på utløpet frå feittutskiljaren eller på leidningen mellom feittutskiljaren og samankopling med anna spillvatn.

Installasjon av feittutskiljar skal bli gjort av føretak med nødvendige faglege kvalifikasjonar for arbeide. Kommunen kan krevje dokumentasjon på dette.

## 5. Krav til mengde og samansetning av avløpsvatn

Berre feitthaldig avløpsvatn av animalsk eller vegetabilsk opphav skal lede til feittutskiljaren.

Følgjande skal ikkje bli tilført feittutskiljar:

- avløpsvatn frå WC og andre sanitærinstallasjonar, overvatn og kjølevatn
- frityrfeitt og andre konsentrerte feittmengder (dette skal samlast opp og leverast til godkjent mottak)
- feittnedbrytande mikroorganismar og/eller enzym
- sedimenterbart materiale. Eventuelt sedimenterbart materiale skal fjernast i eit eige slamfang før feittutskiljaren

Bruk av vaskemidlar fører til at feitt emulgerer og blir vanskeleg å skilje ut i feittutskiljaren. Berre godkjente vaskemidlar skal nyttast, og bruken av desse skal avgrensast til eit minimum.

Sluk som vert leda til feittutskiljar må bli utstyrt med vasslås og rist.

Dersom verksemda sitt avløpsvatn bevisleg fordyrar eller har uheldig innverknad på drifta av kommunen sitt vatn- eller avløpsnett, vil kostnadene for retting, utbetring og/eller reparasjonar bli fakturert verksemda.

## **6. Tømming, vedlikehald og kontroll**

Feittutskiljaren skal tømmast ved behov, men minimum 3 gonger i året.

Feittutskiljaren må i tillegg bli tømt dersom tjukkeleiken på feittlaget utgjer meir enn 25% av total tjukkeleik av vatn-/feittlag.

Kommunen, tømmefirma og andre som har behov for tilkomst til feittutskiljaren skal sikrast enkel tilkomst for tømming og kontroll. Alle hindringar til feittutskiljaren skal derfor vere fjerna før meldt/avtalt tilkomst.

Verksemda skal inngå avtale med tømmefirma om tømming og kontroll av feittutskiljar.

Tømmeavtalen skal:

- Skildre tømmehyppigheit
- Skildre at tømming skal finne stad sjølv om det ikkje er bestilt av verksemda
- Skildre at kommunen skal varslast av tømmefirma dersom tømming ikkje vert tillatt av verksemda
- Innehalde krav om at innsamla feitt og slam skal leverast til godkjent mottak

Avtalen skal vere signert av begge partar. Kopi av avtalen skal sendast til kommunen **innan fire veker** etter mottak av påsleppsvedtaket. Ved opphøyr eller endringar i avtalen skal dette bli meldt skriftleg til kommunen.

Feittutskiljaren skal opnast og kontrollerast ved kvar tømming. Tjukkleiken av utskilt feittlag, utløpsvatnet sin temperatur, utskiljaren sitt innløp/utløp, og eventuelt varslingsutstyr skal kontrollerast. Kontrollen skal først i driftsjournalen som blir vedlagt årsrapporten til kommunen.

Der det er slamfang før feittutskiljar skal tømmeavtalen også omfatte tømming av denne. Slamfang skal tømmast kvar gong utskiljaren blir tømt.

Verksemda pliktar å ha internkontrollsystem med nødvendig beredskap for å oppdage, hindre og avgrense verknaden av påslepp i strid med desse krava. Verksemda skal ha rutinar som sikrar nødvendig måling av tjukkeleiken på feittlaget i utskiljaren. Det skal førast driftsjournal for målingane.<sup>1</sup>

## **7. Registrering, varsling og årsrapportering<sup>2</sup>**

Verksemda kan ikkje sette i verk nye påslepp eller auke påslepp vesentleg (>25%) før dette er meldt til kommunen og kommunen har fatta nytt vedtak.

Dersom verksemda tek slutt, bytter namn, får ny eigar eller flytter, skal verksemda melde dette til kommunen. Ved flytting og eigarskifte skal verksemda sende nytt registreringskjema til kommunen. Dersom verksemda tek slutt, skal det minimum 1 måned på førehand bli gjevebeskjed til kommunen.

Feittutskiljar som permanent blir teke ut av bruk skal reingjerast, fjernast og leverast til godkjent avfallsmottak. Dersom det ikkje er mogeleg å fjerne feittutskiljar, skal den setjast ut av drift og reingjerast. Kommunen skal ha signert dokumentasjon på utført arbeid frå utførande firma. Avløpsledning frå feittutskiljar skal bli plugga inn i forgreiningspunktet.

Kommunen skal bli varsla av verksemda:

- Dersom det oppstår ekstraordinære forhold som påverkar påsleppet til offentleg avløpsnett
- Ved større reparasjons- og/eller vedlikehaldsarbeid med risiko for påverknad av påsleppet til offentleg avløpsnett.

Verksemda skal sende inn årsrapport med følgjande vedlegg til kommunen innan 1. februar for føregåande år:

- Utfylte skjema for tømning og kontroll
- Kvitteringar som viser kvar utskilte massar er levert
- Dokumentasjon på returordning for frityrfeitt

---

<sup>1</sup> Jf.: Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheten (Internkontrollforskriften)

<sup>2</sup> Jf.: Forurensningsloven §49 Opplysningsplikt, forurensningsforskriften kap. 41-2 Opplysningsplikt